

Planlegg Bømlo AS

Dato: 22.03.2021

Vår ref.: 20/327 - 4 / JA

Dykkar ref.:

Varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid, Nedrebø, Bømlo kommune - PlanID202005

Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS har følgjande merknader til reguleringsplanen:

1. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det følgje ein overordna VA-plan som er godkjent av BVA. Overordna VA-plan skal bestå av utgreiingar, planteikningar og andre naudsynte illustrasjonar/teikningar. Det skal utarbeidas eit plankart i målestokk >1:2000 som viser hovudtrasear (kommunale og private), plassering av brannuttak, overvassanlegg, pumpestasjonar mm. Planen skal avklare eigarforhold til nye VA-leidningar (private eller kommunale)
2. Detaljert VA-plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.
3. Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA leidningar til offentlig nett må takast av utbyggjar.

Med venleg helsing

Jarle Andreassen
Driftsleiar
53 42 88 43
ja@bva.no

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ingen underskrift.

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 07.04.21

Vår ref: 2021/255
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: Eirin Kongestøl Espeland

Planlegg Bømlo as

Bømlo, Finnås, Nedrebø – oppstart detaljregulering 6/74 m.fl.

Viser til brev av 22.02.21, med vedlegg, frå Planlegg Bømlo as om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Sunnhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfør/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguléringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar kan til tider oppleve å motta klagar frå bebuarar og fritidsbeburarar. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin hevdunne rett til bruk av sjøområde i si verksemnd.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.



Nedrebø

Detaljreguleringa vil legge til rette for utbygging av seks naust og mellom anna kaiar, flytebrygger, bølgebrytar og småbåtanlegg.

Fiskarlaget Vest viser til Fiskeridirektoratet sitt kartsystem kor det er registrert kaste-/ låssettingsplass nord for reguleringsområdet og område for passive og aktive reiskap vest for området. Låssettingsplassen er òg registrert i kommuneplanen sin arealdel. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest føreset at utbygginga ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av fiskeområda i nærliken. Fortøyningane til flytebryggene og bølgebrytaren må avgrensast mest mogleg.

I tilknytning til fiskeriområde må det opplysast om fiskarane sin hevdunne rett til bruk av sjøarealet. Fisket er lovleg, berekraftig og grundig regulert av offentlege mynde. Ein kan ikkje godta hets av yrkesfiskarar, slik mange opplev. Til tider kan det òg føregå fiskeriverksemd nattestid. Ein viser til § 27 i Havressurslova i høve ferdsel (20 m) og fiske (100 m) ved steng. Ein føreset at ferdsel og fritidsfiske tar omsyn til eventuell pågåande fiskeriverksemd i området, og at det ikkje blir drive leik med vasscootrarar, båtar, o.l. som kan vere til hinder for yrkesfiske.

Ein ber om at følgjande, eller noko liknande, blir tatt inn i føresegnehene:

«Kaste- og låssettingsplass

Det er registrert kaste- og låssettingsplass i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy i nærliken. Tiltaket må ikkje vere til hinder for hevdunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det må dermed heller ikkje vere ankringsforbod i området.

Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde til land eller oppankra på anna vis, jf. § 27 i Havressurslova.

Fisk i steng er sårbar for spreningsarbeid/fylling i sjø og eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast før det blir utført arbeid i sjø.»

Ved vurdering av småbåthamner/-anlegg må ein ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/anlegg føre med seg. Dette er spesielt viktig i tilknytning til gyte- og oppvekstområde. Det finst mellom anna to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner:

- COWI (2017), *Miljøvennlige småbåthavner*, som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda (utarbeida på oppdrag frå Miljødepartementet).
- CIENS (2011), *Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus*, gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Det bør forankrast i føresegne at det skal opplyst om kor vedlikehald kan utførast og det må dokumenterast at slik verksemde ikkje forureinar omgjevnadane. Det er òg viktig at fortøyningar blir avgrensa mest mogeleg, og blir halde innafor reguleringsområdet. Når området skal detaljregulerast må ein få kart med djupnekote kor tiltaka er innteikna, inklusiv fortøyningar.

Ein føreset at tiltak i området ikkje har negativ innverknad på det marine liv. Til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reitt og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reitt og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo
Dagleg leiar


Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Sunnhordland Fiskarlag
Bømlo kommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Statsforvaltaren i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Planområde - frå varsel om oppstart





KYSTVERKET

PLANLEGG BØMLO AS
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Vår ref
2021/3325-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
19.03.2021

Fråsegn til oppstart av detaljreguleringsarbeid - Gnr 6 Bnr 76 m.fl - Bømlo kommune - Vestland fylke

Syner til brev av 22.2.2021 vedkomne ovannemnde.

Føremålet med reguleringsplanen bygging av naust. Det er planlagt å legge ut bølgedempar utanfor G/bnr. 6/76.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdslle og forsvarleg bruk av farvatnet. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med areal avsett til farleia eller med navigasjonsinstallasjonar i området.


Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova. Dette gjeld og utlegg av bølgedempar. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er Karmsund havn IKS som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannsloven. Vi ber dykk ta dette med i føresegne.


Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent







Vår dato:

08.04.2021

Vår ref:

2021/3357

Dykkar dato:

22.02.2021

Dykkar ref:

Planlegg Bømlo AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

Uttale til oppstart - Bømlo - 6/74 - Finnås - naustområde Nedrebø - detaljreguleringsplan - PlanID202005

Vi viser til oversending datert 22.02.2021, med varsel om oppstart av detaljreguleringsplan. Frist for uttale er sett til 07.04.2021. Statsforvaltaren ber om orsak for forsinka uttale.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av inntil seks naust med kai, flytebryggjer, bølgebrytar, småbåtanlegg i sjø, grøntområde, tilkomst og parkeringsareal. Innanfor planområdet ligg det i dag eitt eksisterande naust med kai og ein bustad. Tilkomst til naustområdet er tenkt der det i dag går ein traktorveg, med parkering same plass som eksisterande utfartsparkering til Siggjo.

Planområdet er ikkje regulert frå før. I kommuneplanen sin arealdel er område på land sett av til naust, framtidig veg, neverande og framtidig grønstruktur, og LNF-spreidd bustad. I sjø er arealet sett av til *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*. Kommunen har vurdert at planarbeidet ikkje utløyer krav om konsekvensutreing.

Statsforvaltaren sine innspel

Statlege planretningslinjer skal alltid leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (tbl.), jf. tbl. § 6-2 andre ledd. I dette planarbeidet vil statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø vere særleg relevant.

Strandsona er eit område av nasjonal og regional verdi, og plan- og bygningslova § 1-8 slår fast at det i 100 metersbeltet langs sjø skal takast eit særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Dei ålmenne interessene skal ivaretakast og sikrast for framtida, og eit planarbeid gjer høve til ein meir detaljert kartlegging av strandsona for å identifisere kva areal som har slike verdiar. Vi venter elles at planarbeidet følgjer opp retningslinene i regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger (2017), til dømes ved å leggje opp til felles- løysingar for småbåtar, kaiar og bryggjer. Vidare at nye naust ikkje skal redusere ålmenta sin tilkomst til strandsona og at ein elles tek særleg omsyn til dei allmenne interessene som går fram av tbl. § 1-8.



Planområdet er del av kartlagt regionalt friluftsområde, Kuleseidkanalen med svært viktig verdi. Statsforvaltaren venter at det vert gjort greie for planen sin verknad på friluftsområdet, og at det blir tatt omsyn til i den vidare planlegginga.

Det går ein bekk nedover skråninga med utlaup i planområdet kor det er tenkt plassert naust. Planarbeidet må gjere greie for korleis denne blir ivaretaken. Vi minner her om statlege planretnings-liner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, der pkt. 4.3 nest siste avsnitt trekk fram at planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturer, og forsvarleg overvasshandtering. Vi minner også om vassressurslova § 11 om kantvegetasjon, og at det skal gjerast ein vurdering av konsekvensar for naturmangfald råka av planforslaget etter naturmangfaldlova, jf. §§ 7-12.

Vi viser elles til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine sjekklister om førehald som må avklarast ved utarbeiding av plan: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/veileding-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/>, og til Miljødirektoratet sin nettside for nyttige tips i planlegginga: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/>

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST

Postboks 7900 5020 BERGEN
Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE

PLANLEGG BØMLO AS
Fylkesnesvegen 31
5430 BREMNES

Fråsegn til oppstart - detaljreguleringsarbeid - gnr 6 bnr 74 m.fl. - nausteområde Nedrebø - PlanID202005 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 22.02.21 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Nedrebø i Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er utbygging av naust med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal. Føremålet er i hovudsak i samsvar med/i strid med kommuneplan der området er sett av til bygg og anlegg (naust), framtidig veg, neverande og framtidig grønstruktur, neverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløser krav om konsekvensutgreiing


Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel


Folkehelse og friluftsliv

Regionale friluftsområde er registrert, og ligg som temakart for *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger*.

(<https://multiconsult.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f9a5ce9271464f0daee2cfb3719eaf32>) Dette kartlaget syner at planområdet ligg i regionalt friluftsområde Kuleseidkanalen, eit område som er vurdert til svært viktig. Dette må det takast omsyn til i den vidare planlegginga. Det er viktig at planlegginga sikrar grønstruktur, samt ålmenn ferdsel og tilgjenge.



Vi vil vidare peike på at planområdet ligg innafor landskapsområde 4 i *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger*.



Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 6 nye naust, noko som er i tråd med arealformålet i KPA.

Det er relativt bratt ned til sjøen og i strandsona er det allereie etablert eit naust og ein kai. Dei allmenne friluftsinteressene i området er truleg avgrensa, men ettersom Bømlo ikkje har sluttført kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen er det vanskeleg å vurdere om det er lokale brukarinteresser i området. I det vidare planarbeidet må dette derfor vurderast.

I samråd med planavdelinga i Bømlo Kommune er det tatt med eit område for mogeleg tilførselsveg som går opp til hovudvegen, samt areal for felles parkering. Sett i høve til moglegheitene for rekreasjon og opphold i strandsona vil det vere gunstig om ein heller kan nyte eksisterande parkeringsareal ved hovudvegen. Utplanering av ein parkeringsplass i bakkant av nausta vil medføre eit relativt stort terrenginngrep og minke brukskvalitetane i området. Ein parkeringsplass vil og fragmentere grøntområdet i bakkant av nausta og gjøre dette området mindre attraktivt å bruke, t.d. til ferdsel.

Kulturminne og kulturmiljø

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Det høvesvis vesle arealet er prega av tidlegare utbygging og tiltak, og blir vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel, trafikktryggleik og infrastruktur

Som vegstyremakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg. Ein viktig del av dette er å sikre at fylkesvegnettet vert utforma i samsvar med gjeldande vegnormalkrav. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og fylkeskommunen sine regionale areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga.

Generelle vegfaglege krav til planarbeid

Vestland fylkeskommune føreset at verknadene som ein detaljplan vil ha for vegtransport og vegnett vert gjort greie for og kjem klårt fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Det som må gjerast greie for er generelt:

- trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper
- tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. bussshaldeplassar, skule m.m.)
- tilkomst- og kryssløysingar
- venta trafikkmengde og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- byggegrenser til fylkesveg
- vegtrafikkstøy
- tiltaket sine konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet
- tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- tekniske vegteikningar i samsvar med vegnormalar og handbøker
-

I denne planen må ein særleg sjå til at kryssløysingane oppfyller krava i handbøkene.

Strandsone

Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger (RKSH, stadfesta med endringar i retningslinjene frå KMD i 2020) har mål som gjev at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. I planarbeidet er desse fire plantema, sett i samanheng for å kartfeste større samanhengande område av regional verdi. Område som omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innan alle fire plantema er definert som arealsone landskap. Etter pbl § 8-2 skal planen leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen.

I retningslinene til planen (RKSH) står det mellom anna at:

«Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftsaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdifulle landskapsområde og mangfoldet av landskapstypar skal ivaretakast.»

I planarbeid er det viktig å sikre heilskapleg utvikling og ivaretaking. Å legge saman einskildtomtene og konkludere med at området allereie er utbygd i så stor grad, at det ikkje lenger er funksjonell strandsonekvalitetar att, er lite berekraftig. Vestland fylkeskommune vil peike på betydninga av at kommunen set planområdet inn i samanhengen det ligg i, og gjer ei heilskapleg vurdering av verknader den planlagde utbygginga vil ha.

Når det gjeld konkret utbygging vil fylkeskommunen peike på omsyn som retningslinene i RKSH legg til grunn:

«Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenghinngrep og optimal massebalanse.»

Og:

«Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og inntreiaast som bustad/ fritidsbustad.»

«Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggast for allmenn ferdsel ved nye naust og over. brygger der det er mogleg. Det er ikkje tillate med nye gjerde/ levegg eller andre stengslar i naustområde.»

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på folkehelse og friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, samferdsel, trafikktryggleik og infrastruktur. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Cathrine Gunn Grasdal
spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Anders Søyland - Idrett og friluftsliv, Kultur, idrett og integrering
Eva Birgitte Teige - Forvaltning Bergensområdet, Infrastruktur og veg
Tore Slinning - Arealplan, Kultur, idrett og integrering

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål